



Arvid Storheim
Vetåsvegen 15
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5819 - 23/36002

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
09.05.2023

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 483/7 Haukeland nordre

Tiltak: Dispensasjon - riving av fritidsbustad/oppføring av ny
Byggjestad: Gbnr: 483/7
Tiltakshavar: Arvid Storheim
Ansvarleg søkjar:

Klage på delegert vedtak, om avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF for oppføring av fritidsbustad, vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 26.04.2023, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 056/23 Vedtak:

Klagen i frå tiltakshavar i sak 22/5819, saknr. 1150/22, datert 31.10.2022, vert teken til følgje. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF for oppføring av omsøkt fritidsbustad på følgjande vilkår: Hytta skal førast opp med material og fargeval om skal spela på lag med omgjevnadane. Fargen skal vera mørk eller grå i naturfarge. Hytteeigedommen skal sikrast finglyst parkeringsplass på eigna stad på gnr. 483 bnr. 4.

Grunngjeving for vedtaket:

Utval for areal, plan og miljø meiner i samsvar med Plan- og bygningsloven § 19-2 at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Vidare meiner utvalet at det omsøkte tiltaket ikkje vil setje omsynet bak føresegna vesentleg til side etter ei samla vurdering. Utvalet vil vise til at den omsøkte fritidsbustaden vil erstatte ei eldre hytte i dårleg stand som alt står på tomta. Bruken av tomta vert difor ikkje vesentleg endra. Utvalet meiner at det arkitektoniske uttrykket til den omsøkte hytta vil tilføra landskapet eit spennande uttrykk, som sjølv om bygningen vert litt meir dominerande i landskapet mot vest, vil den tilføra landskapet ein kontrastfull kvalitet i skogs- og åslandskapet på staden. Frå sør og sør aust vil ny fritidsbustad liggja i forgrunnen av Ornipa (169,5m) og tilhøyrande høgdedrag, og ikkje verte eksponert i terrenget. Frå nord vil den liggja i skjul bak same høgdedrag. Frå aust vil den verta mindre synleg enn dagens hytte. Frå sør er terrenget så

Mottakarar:

Margrethe Aven Storheim

Vetåsvegen 15

5938

SÆBØVÅGEN